



Møteprotokoll for Kommunestyret i Radøy

Møtedato: 18.10.2018
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 18.00

Spørjetime kl. 18.00.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Morgan Taule	AP	Medlem
Ann Christin Hoen	AP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Vidar Grindheim	H	Medlem
Normann Sæbø	H	Medlem
Henning Haugland	H	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Wenche Linda Kalnes Tveranger	FRP	Medlem
Silje Namtvedt	SP	Medlem
Dag Sætre	SP	Medlem
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Medlem
Leif Gunnar Taule	SP	Medlem
Martin Soltveit	SP	Medlem
Laila Seilfaldet Pletten	SP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Medlem
Frode Hervik	V	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Torill Helland	AP	Medlem
Ståle Villanger	V	Medlem
David Pletten Aasgard	KRF	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
--------------------------	-------	------------------

Jannicke Helland	AP	Torill Helland - AP
Agnes Hoshovde Bernes	V	Ståle Villanger - V
Arvid Kjerstad Aasgard	KRF	David Pletten Aasgard - KRF

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås, økonomisjef Sveinung Kvamme, møtesekretær Arthur Kleiveland

Det var spørjetime før ordinært møte vart sett. Det vart stilt to skriftlege spørsmål.

Saksliste

Saksnr	Tittel
030/2018	Meldingar og referatsaker
031/2018	Fritak for bygningar som har historisk verdi
032/2018	Kostnadsramme for ombygging Solhall - trinn 1
033/2018	Mellombels byggje- og deleforbod - Kulturminne - Radøy - klage
034/2018	Plansak 12602016000700 - Detaljregulering - Manger, Urhaug bustadområde - godkjenning
035/2018	Plansak 12602017000900 Områdeplan Bø, skule og barnehage - godkjenning
036/2018	Prosjekt felles barnevern i Radøy, Lindås og Meland - samarbeidsavtale
037/2018	Revidering av handlingsplan i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026
038/2018	Tertialmelding januar - august 2018
039/2018	Uteområde Sæbø skule - utvida omfang

030/2018: Meldingar og referatsaker

Behandling:

Sambandet Vest AS: Ordførar Jon Askeland viste til "meldingsak i" - særutskrift frå Kontrollutvalet i Radøy med KU-vedtak som seier at den vedtekne selskapsrevisjonen i Sambandet Vest likevel ikkje skal gjennomførast. Bakgrunnen er at Sambandet Vest AS er eit selskap under avvikling. Ordføraren konstaterte at kommunestyret ikkje krev at saka skal kjem til handsaming i kommunestyret.

Bygging av Alver kommune: Ordførar Jon Askeland gav ein kort statusrapport om bygging av Alver kommune.

Adresse-endingar: Leif Taule (SP) viste til møtebok for Fellesnemnda for Alver kommune 3. september 2018 vedkomande sak om adresse-endingar før samanslåing til Alver kommune. Taule meiner Radøy kommune ikkje utan vidare må akseptera endingar i vedtekne adressenamn som ikkje representerer ein fare for forveksling for utrykningsetatane. Saka vil koma til politisk handsaming i dei tre Alver-kommunane.

Konsulent-tenester: På bakgrunn av det som er kome fram i media si dekning av det som er kalla Tolga-saka, gav rådmannen ei orientering. I samband med dekninga har det vore omtalt at konsulentselskapet Sødernann AS har bistått kommunar med å registrera nye personar som psykisk utviklingshemma og med å søkja tilskot. Det har vore mykje negativ omtale kring dette. Rådmannen opplyste at han ønskjer å gje kommunestyret korrekte opplysningar om Radøy kommune for å unngå spekulasjonar om faktiske forhold.

Rådmannen orienterte om at Radøy kommune er kunde hjå Sødernann AS. Hovuddelen av avtalen med konsulentselskapet gjeld bistand til prosjekt for gjennomgang og utvikling av OMSUT, som yter tenester til psykisk utviklingshemma i Radøy kommune. Vidare er det kontrakt på at Sødernann skal bistå med analyse og rettleiing knytt til registrering av psykisk utviklingshemma og føring av utgifter til ressurskrevjande brukarar.

Kommunane får tilskot for kvar registererte psykisk utviklingshemma i kommunen. Denne gruppa har vore stabil i Radøy kommune og Sødernann har ikkje bistått med å finna og registrera nye brukarar med diagnose psykisk utviklingshemming.

Kommunane får tilskot til ressurskrevjande brukarar med 80% av lønsutgifter over ein terskelverdi. Eit eige omfattande rundskriv er gitt ut av Helsedirektoratet om temaet – Rundskriv IS -4/2018. Konsulentselskapet Sødernann AS har bistått Radøy kommune i arbeidet med å identifisera og systematisera lønsutgifter knytt til den enkelte brukar, slik at kommunen er i betre stand til å krevja inn tilskotet for ressurskrevjande brukarar basert på faktiske utgifter. Dette har medverka til ein viss auke i tilskotet som kommunen får til ressurskrevjande brukarar. Radøy kommune har med si nøkterne bemanning på økonomiområdet begrensa moglegheit til på eiga hand å gjennomføra ein slik analyse. Kommunen sjølv kvalitetssikrar og fremjar krav om tilskot. Desse krava er gjenstand for revidering av revisor.

Kommunestyret tok meldingar og referatsaker til orientering, med tillegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

031/2018: Fritak for bygningar som har historisk verdi

Behandling:

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

Vedtak:

Det vert gitt fritak for eigedomsskatt for bygningar av særskild historisk verdi, jf eigedomsskattelova § 7b. Dette gjeld freda bygg og bygg som er registrert som verneklasse A i Radøy kommune sin kulturminneplan. Tidlegare gitte fritak etter same paragraf vert oppheva.

032/2018: Kostnadsramme for ombygging Solhall - trinn 1

Behandling:

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

Vedtak:

Kostnadsramme for ombygging av Solhall, byggetrinn 1, slik det går fram av saksutgreiinga, vert sett til kr 32.000.000.

033/2018: Mellombels byggje- og deleforbod - Kulturminne - Radøy - klage

Behandling:

Kommunestyret vedtok hovudutvalet si innstilling.

Vedtak:

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 21-2018 datert 21.06.2018 vert stadfesta.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova §§ 13-2.

Klagen vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

034/2018: Plansak 12602016000700 - Detaljregulering - Manger, Urhaug bustadområde - godkjenning

Behandling:

Kommunestyret vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Reguleringsplan for Urhaug bustadområde, planid. 12602016000700 vert godkjent på følgjande vilkår:

1. Avkjørsla til BFS10 kjem i konflikt med byggegrense mot sjø. Byggegrensa må justerast i plankartet.
2. Rådmannen sine framlegg til språklege justeringar vert teke inn i føresegna.
3. Teiknforklaringa i plankartet må rettast i samsvar med endringane som er gjort i plankartet.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 12-12.

035/2018: Plansak 12602017000900 Områdeplan Bø, skule og barnehage - godkjenning

Behandling:

Rådmann Jarle Landås orienterte i saka og sa at dette er ein områdereguleringsplan som i realiteten handlar om å plassera ny barnehage på Bø. Denne planen er samordna med kommunedelplan for Bø, t.d. gjennom føresegner. Rådmannen peika på at områdeplanen for Bø er i samsvar med overordna plan. Det er kome inn få merknader til planen, og ingen motsegner.

Vegspørsmål og avkjørsle til den planlagde barnehagen har vore krevjande tema i planprosessen. Frode Hervik (V) gav uttrykk for at han meiner trafikale utfordringar bude vore betre utgreidd tidlegare i planprosessen. På grunn av konsekvensar med ein ny utgreiingsrunde - i form av forseinka planvedtak og realisering av barnehagen, gjorde Hervik det klart at han ikkje ville gå i mot planen.

Frode Hervik (V) sette fram følgjande protokollmerknad:

Det er svært beklageleg at ein ikkje nytta høvet i samband med planarbeidet til å få ei betre trafikklysing, t.d. nytta eksisterande avkjørsle til Leitehuset.

Rådmannen viste til at Statens vegvesen er tydelege på at dei ikkje dei av omsyn til trafikktryggleiken ikkje vil ha fleire avkjørslar i det aktuelle planområdet.

Henning Haugland (H) peika på at siktilhøva i den valde avkjørsla til barnehagen ikkje er i samsvar med gjeldande krav. Han stilte spørsmål om kommunen har vurdert om det må gjerast endringar i avkjørsla på bakgrunn av dette. Rådmannen svara at Statens vegvesen ikkje har stilt krav om slike tiltak.

Representantar frå andre parti gjorde det klart at dei støttar planframlegget slik det ligg.

Kommunestyret vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Områdereguleringsplan for Bø, skule og barnehage, planid. 12602017000900 vert godkjent på følgjande vilkår:

1. Teiknforklaringa må rettast slik at liner som skal vere juridisk bindande framstår som juridisk bindande i teiknforklaringa.
2. Plannamn må rettast i tittelfeltet i kartet.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 12-12.

036/2018: Prosjekt felles barnevern i Radøy, Lindås og Meland - samarbeidsavtale

Behandling:

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek felles barnevernsteneste for Radøy, Meland og Lindås frå 01.01.2019.

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for felles barnevern i Radøy, Meland og Lindås vert godkjend. Radøy kommune er vertskommune.

Kommunestyret delegerer mynde etter barnevernlova til barnevernsleiar i Radøy kommune frå og med 01.01.2019.

037/2018: Revidering av handlingsplan i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026

Behandling:

Ordfører Jon Askeland sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Garderobe- og kioskbygg ved Hordabø IL si kunstgrasbane vert tatt inn i planen.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding, med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Handlingsplanen for idrett-, friluftsliv- og nærmiljø 2018 – 2022 vert vedteke slik den ligg føre.

Garderobe- og kioskbygg ved Hordabø IL si kunstgrasbane vert tatt inn i planen.

038/2018: Tertialmelding januar - august 2018

Behandling:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om status for drift og investering pr 31. august 2018. Han viste til at skatteinngangen har vore svak, men at kommunen vert "berga" av god inngang på landsplan. Inntektsutjamninga vert høgare for Radøy enn pårekna.

Det blir renteauka frå november, noko som gjev marginal netto effekt i 2018. Kommunen betalar 800.000 kr meir i avdrag enn budsjettert.

Kommunen får auka straumkostnaden, minst 1 mill. i 2018.

Oppvekstsektoren har ein meirkostnad på 1,3 mill. kroner, mellom anna knytt til leige av paviljong på Manger skule.

Nytt tiltak for området OMSUT gir ein netto meirkostnad på rundt 1,75 mill. i år, og full verknad i 2019. Det kjem også ekstra kostnader i samband med etablering av felles barnevern for dei tre Alver-kommunane, men førebels uvisst kor mykje.

Økonomisjefen forventar også eit meirforbruk på drift og forvaltning, mellom anna meirkostnader til brannutrykkingar, om lag 0,5 mill, og meirkostnader i samband med etablering av felles løn og rekneskap for Alver-kommunane.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Tertialmelding for perioden januar – august 2018 vert teken til etterretning slik den ligg føre.

039/2018: Uteområde Sæbø skule - utvida omfang

Behandling:

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

Vedtak:

Det vert løyvd ytterlegare kr 800.000 til uteområde Sæbø skule, prosjekt K2140. Løyvinga vert finansiert ved bruk av unytta lånemidar.
